



## HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Førespurnad under nasjonal terskel  
ved anskaffing av:

**Moglegheitstudie  
Idrettscampus Bergen**

<b>FØRESPURNAD UNDER NASJONAL TERSKEL.....</b>	<b>1</b>
<b>VED ANSKAFFING AV:.....</b>	<b>1</b>
<b>1 OPPDRAGET OG ADMINISTRATIVE FØRESEGNER .....</b>	<b>3</b>
1.1 Om Oppdragsgjevar .....	3
1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson .....	3
1.3 Anskaffinga gjeld .....	3
1.4 Tidsplan.....	4
<b>2 KRAV TIL LEVERANDØRANE - KVALIFIKASJONSKRAV .....</b>	<b>4</b>
<b>3 KRAV TIL YTINGA OG TILDELINGSKRITERIUM .....</b>	<b>5</b>
3.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen .....	5
3.1.1 Generelt om leveransen.....	5
3.1.2 Gjennomførings- og leveringstidspunkt.....	5
3.1.3 Kontrakt .....	5
3.2 Tildelingskriterium.....	5
<b>4 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN .....</b>	<b>6</b>
4.1 Anskaffingsprosedyre .....	6
4.2 Forenkla kunngjering.....	6
4.3 Krav til tilbodet og innleveringsstad .....	
4.4 Tilbodsfrist.....	7
4.5 Vedståingsfrist.....	7
4.6 Tildeling av kontrakt og grunngjeving .....	7
4.7 Innsyn i dokument .....	7
<b>5 VEDLEGG.....</b>	<b>7</b>

## 1 Oppdraget og administrative føresegner

Hordaland fylkeskommune inviterer dykk til å delta i konkurransen om anskaffing av **Moglegheitstudie Idrettscampus Bergen**.

### 1.1 Om oppdragsgjevar og bakgrunn for oppdraget

Hordaland fylkeskommune er ein av fylket sine største arbeidsgjevarar med 4 600 tilsette og eit årleg driftsbudsjet på om lag 7700 millionar kroner. Vi har eit brent ansvar for samfunnsutvikling m.a. vidaregåande skular, tannhelse, samferdsel, folkehelse, kultur og idrett.

Regional kulturplan 2015-25 seier «eit tett samarbeid med Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Helse Bergen, kommunen og fylkeskommunen er sentralt for å utvikle relevant FoU-arbeid, studietilbod/kurs, testing m.m. Samlokalisering av fleire av desse aktørane på Minde gjev høve fleire til styrking av kompetansemiljøa og vidareutvikling av området i samarbeid med Sportsklubben Brann».

Fylkestinget vedtok 8.-9. desember 2015 å løyve midlar til planlegging av eit «Campus Bergen» - eit kompetansesenter der ein samlar krefter frå organisasjonane, Olympiatoppen, vidaregåande skule, Høgskolen i Bergen, Universitet i Bergen og næringslivet til beste for idretten. Fylkesrådmannen skal setja i gong planlegging og kome tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis dette kan organiserast.

### 1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson

Kontaktperson hjå oppdragsgjevar er:

Namn:	Britt Karen Spjeld
Postadresse:	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
e-post	britt.karen.spjeld@hfk.no

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen per e-post innan 11. august 2016 kl 12.00.

### 1.3 Anskaffinga gjeld

Idrettscampus Bergen er eit samarbeid mellom Høyskolen i Bergen, Helse Bergen, Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, Sportsklubben Brann, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Føremålet er å gje eit løft for idrett og fysisk aktivitet i Hordaland og Bergen ved å etablere møteplassar der kvalitet, kunnskapsformidling og utvikling er i fokus. Saman vil ein kunne utvikle eit kraftssenter for Hordaland sidretten i breidde og topp, og for fysisk aktivitet i alle aldersgrupper. Det skal m.a. leggas til rette for uformell og formell erfaringsutveksling, å fremje ny kompetanse, optimal bruk av spesialisert utstyr og praktisering av aktivitet for ulike grupper. I det vedlagte prospektet er tenkt innhald i Idrettscampus Bergen skildra i 10 punkt.

**Oppdrag:**

- 1) Samle og strukturere utdypende informasjon fra dei involverte aktørane (Hordaland fylkeskommune, Bergen Kommune, Høgskolen i Bergen, Helse Bergen, Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest og Sportsklubben Brann) innafor dei 10 hovudområda som er sett opp i prospektet; sjå vedlegg; Idrettscampus Bergen.
- 2) Peike på potensiale og synergier mellom aktørar og fagområde.
- 3) Vurdere potensielle samarbeidsformer, organisering, finansiering og ev. lokalisering.
- 4) Vurdere modellar for samarbeid i mot eksisterande og planlagde campussamarbeid i andre delar av landet (sjå vedlagt PP)
- 5) Utarbeide forslag til namn, visjon, verdiar, mål og strategi.
- 6) Peike på andre relevante aktørar å samarbeide med regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- 7) Oppdraget skal samanfattast i ein rapport som svarar på punkta 1-6.

**Vedlegg:**

1. Prospekt Idrettscampus Bergen
2. PP med gjennomgang av campussamarbeid i andre delar av landet.

Rapporten frå moglegheitsstudien skal m.a. nyttast som grunnlag for avgjerd om arbeidet vidare med Idrettscampus Bergen i styringsgruppa og hjå den enkelte aktør.

## **1.4 Tidsplan**

Aktivitet	Tidspunkt
Invitasjonen sendt til tilbydarar	5.juli 2016
Frist for å levere tilbod	11. august 2016 kl. 12.00
Eventuelle forhandlingar	Veke 33
Tilbodsevaluering og val av tilbod	Veke 33 og 34
Kontraktinngåing	24. august 2016
Oppstart av kontrakt	25. august 2016

## **2 Krav til leverandørane**

**Krav til leverandøren:**

- Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til skatte- og meirverdiavgiftsinnbetaling
- Leverandøren skal ha tilfredstillande system for HMT

**Dette skal dokumenterast ved:**

- Skatteattest for meirverdiavgift frå skattefogden og skatteattest for skatt utstedt av kemnar/kommunekasserar, ikkje eldre enn 6 månadar rekna frå tilbodsfristen.
- HMT-eigenerklæring (bruk gjerne den vedlagte malen).

### 3 Krav til ytinga og tildelingskriterium

#### 3.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen

##### 3.1.1 Gjennomførings- og leveringstidspunkt

Leveringstidspunkt for ytinga er 28. september kl 12.00.

##### 3.1.2 Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av vedlagte kontraktvilkår.

#### 3.2 Tildelingskriterium

Tildeling av kontrakt skal skje på basis av kva for eit tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige ut ifrå følgjande kriterier:

Tildelingskriterium	Prioritet/vekt
Kvalitet	50%
Service og levering	25%
Pris	25%

- 1) Leverandør skal i moglegheitsstudien for Idrettscampus Bergen hente inn og systematisere informasjon frå mange ulike aktørar på ei relativt kort tid. Denne informasjonen skal setjast inn i ein utviklingskontekst og samlast til konkrete forslag som kan nyttast av dei involverte aktørane til vurdering av arbeidet vidare. Brei kompetanse, gjennomføringsevne og erfaring frå liknade arbeid vil såleis bli vektlagt tungt i vurderinga om val av leverandør.
- 2) Leverandør skal i sitt tilbod gi ei kort skildring til gjennomføringsplan der ein tek utgangspunkt i pkt. 1.3 og tidsramma i pkt 1.4. I tillegg skal avsette ressursar, og kompetanse og erfaring til dei som skal gjere arbeidet kort skildras. Leverandøren skal i også skildre kva metodar som skal nyttas i arbeid med oppdraget, og korleis samhandling med oppdragsgjevar er tenkt underveis i arbeidet.

### 4 Reglar for gjennomføring av konkurransen

#### 4.1 Anskaffingsprosedyre

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Denne anskaffinga si berekna verdi er under den nasjonale terskelverdi på kr 500 000 ekskl. mva. og er friteken frå kunngjøringsplikta. Konkurransen vert gjennomført etter forskrifta sine alminnelege føresegner (del I) og dei føresegne som følgjer av dette konkurransegrunnlaget.

#### Forhandlingar

Oppdragsgjevar tek etterhald om å invitere tilbydarane til forhandling/samtale etter tilbodsinnlevering. Forhandlingar vil i så fall bli gjennomførte i samsvar med dei grunnleggjande krava i FOA § 3-1 og reglane om teieplikt i § 3-6.

Etter eventuelle forhandlingar er avslutta, vil tilbydarane kunne levere eit revisert tilbod.

Oppdragsgjevar oppmodar tilbydarane om å gi sine beste prisar i første tilbod, då forhandlingar i denne konkurransen er ein opsjon for oppdragsgjevar.

## 4.2 Krav til tilbodet og innleveringsstad

Tilbodet skal leverast på norsk. E-posten skal merkast «Mogleightstudie Idrettscampus Bergen».

Ved innlevering skal det følgje med et tilbodsbrev som skal være datert og signert av person med fullmakt, kor det tydeleg skal gå fram:

- Leverandøren sitt namn
  - Adresse
  - Organisasjonsnummer
  - Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
  - Eventuelle atterhald med tilvising til kvar i tilbodet atterhaldet finst

Tilbodet skal leverast til:

Namn: Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for

idrett og friluftsliv

Adresse: Postboks 7900, 5020 Bergen /

E-post: [britt.karen.spjeld@hfk.no](mailto:britt.karen.spjeld@hfk.no)

## 4.3 Tilbodsfrist

Tilbodsfrist er sett til 11. august 2016 kl 12.00.

Tilboden skal være oppdragsgjever i hende på innleveringsstaden før utløpet av tilbodstiden.

## 4.4 Vedståingsfrist

Leverandørane er bunde av tilbodet til 1. september 2016.

#### **4.5 Tildeling av kontrakt og grunngjøving**

Leverandørar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med, og grunngjeving for valet.

## 4.6 Innsyn i dokument

Ålmenta har rett til innsyn i tilbod og protokoll etter at tilbydar er valt – sjå lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23 tredje avsnitt, jf. forskrift av 7. april 2006 nr. 402 om offentlege anskaffingar (FOA) §

3-5. Oppdragsgjevaren er pålagd å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

I tilbodet må det gå klart fram kva opplysningar tilbydaren meiner er omfatta av teieplikt etter FOA § 3-6, eller som av andre grunnar skal vere unнатekne frå innsyn. Oppdragsgjevaren gjer merksam på at informasjon frå tilbydaren berre er rettleiande, då oppdragsgjevaren pliktar å gjere ei sjølvstendig vurdering av krav om innsyn opp mot lovverket, jf. offentleglova.

## 5 Vedlegg

Vedlegg 1: Prospekt Idrettscampus Bergen

Vedlegg 2: PP - campussamarbeid i andre delar av landet

Vedlegg 3: Kontraktvilkår

Vedlegg 4: HMT-eigenerklæring